

# RADØY NYTT

Radøy kommune

Nr. 6 – 2007



Ordførar Jon Askeland og rådmann rådmann Christian Fotland saman arbeidsgruppa for kommunen si nye heimeside. Harald Stanghelle var ikkje tilstades. I midten Mai-Liss Sylta frå KONVOI, som har forma den nye logoen

## **Julehelsing frå ordføraren**

Les side 2

## **Prestmarka barnehage 30 år**

Les side 3

## **Radøy sine nye heimesider**

Les side 6 og 7

## **Lærlingar i kommunen**

Les side 10



## **Kommunerosa**

Les side 3

## **Nye tilsette i kommune**

Les side 5

**Radøy kommune  
vil ynskja alle  
innbyggjarane ei god  
jul og eit godt nytt år!**

## **Farga vatn**

Les side 10

**Kommunestyret - formannskap  
- hovudutval for plan, landbruk og  
teknisk**

Les side 12

## Julehelsing frå ordførar



### **Jul som er god**

I denne tida helsar me kvarandre god jul. Eg håpar me også hjelper kvarandre, slik at jula nettopp vert god for alle. Omsorg er meir enn ord, og det står stor respekt av alle dei som stiller opp for andre; - ikkje berre i jula, men året rundt. Likevel er det mange som no fortener stor takk for konsertar, julemesser, og elles mangfaldig frivillig innsats til glede for mange i førjulstida.

Når store delar av verda no går inn i julefeiringa, kan radværingane vera stolte av at me har gitt mange menneske i eit anna land både eit betre liv og ei betre jul. Eg siktar til barneheimen i Crihana Veche i Moldova.

Barneheimen i Crihana Veche er tusenårsprosjektet til Radøy kommune. Prosjektet viser framgang år for år. Då det starta, var både barneheimen og lokalsamfunnet i ein svært vanskeleg situasjon. Mange menneske, - særleg barn, levde eit lite verdig liv. Landsbyen Crihana Veche, er folketalsmessig ganske lik Radøy. Frå at barneheimen var noko folk hadde ei nedlatande haldning til, er nettopp barneheimen no ein del av suksessgrunnlaget for heile lokalsamfunnet. Barneheimen er også vorte utgangspunkt for eit omsorgssenter, som mange andre i landsbyen nyt godt av. Pengane som mange radværingar og særleg skuleborna sender til hjelpeprosjektet kvar jul, er av stor verdi for heile lokalsamfunnet.

Me hjelper barneheimen direkte. Og dette gjer me best ved at dei brukar pengane frå oss til å kjøpa både gåver og anna lokalt. Dette medfører at det lokale næringslivet aukar farten. I sin tur gjev dette arbeidsplassar og velferd til innbuarane.

Me som bur på Radøy kan ikkje åleine hjelpa alle folk i verda. Men, radværingane sitt 1000-årsprosjekt har hjelpt mange menneske i Moldova til å få eit betre liv og ei betre julefeiring. Me er eit godt døme på at det nyttar. Me har gjort kvarandre gode! Dèt er noko å vera stolt over, og er med på å gje glede og lokal tilleggsverdi til julebodskapen.

### **Velkomen nye radværing!**

Me ynskjer å ta godt imot alle som kjem til Radøy. Me har no "sett i system" opplegg med ei velkomsthelsing og gåve både til nyfødde og dei som flyttar hit.

Når det gjeld dei nyfødde, så fangar helsestasjonen opp alle. Me har ei større utfordring for alle som flyttar hit. Det er fleire årsaker til dette, men det er først og fremst eit tidsmessig rom frå vedkomande flyttar hit og fram til me får melding frå folkeregisteret.

Me er svært opptekne av at det å ynskja velkomen skal vera ei positiv oppleving for samtlege. Me treng derfor litt hjelp: Er du nabo eller arbeidsgjevar og kjenner til nye som kjem hit, så set me stor pris på å få ei melding om vedkomande, så skal helsing og gåver verta ekspedert. Kontakt sørvistorget.

Nyinnflytta radværingar vert også

oppmoda om å koma på Rådhuset, dersom det passar betre. Sørvistorget har helsingspakkar liggjande, og kan i tillegg gje nyttig informasjon for deg som er ny her hjå oss.

Utover dette ynskjer me at nyinnflytta radværingar både føler seg velkomne, og at de sjølv vert engasjerte i lokalsamfunnet.

Det siste me ynskjer, er at ei velmeint velkomsthelsing skal verta opplevd negativt, men me ser at at me har ei tidsmessig utfordring for dykk som flyttar hit og fram til me har registrert dykk.

Velkomne skal de uansett vera!

God jul til alle!

Jon Askeland, ordførar

RADØY KOMMUNE  
Krossvegen 8 – 5936 Manger  
**Telefon sentralbord:** 56 34 90 00  
**Telefax:** 56 34 90 01  
**E-post til Radøy kommune:**  
postmottak@radoy.kommune.no  
**E-post til ordførar Jon Askeland:**  
jon.askeland@radoy.kommune.no  
**E-post til Radøy-Nytt redaksjonen:**  
rune.rydland@radoy.kommune.no

# RADØY NYTT

vert utgjeven av Radøy kommune.

Hovudansvarleg for innhald:  
Rådmann Cristian Fotland

Redaktør:  
Kulturkonsulent Rune Rydland

Redaksjonskomite:  
Ass. rådmann Leif Taule  
Rådgjevar skule og oppvekst Helge Vallestad

Layout og sats: Rune Rydland

Trykk: Trykk-Service - 5914 Isdalstø

# Reguleringsplan for Manger sentrum

Reguleringsplan for Manger sentrum - 1.gongs høring

Styringsgruppa har i møte 4. oktober 2007 godkjent reguleringsplan for Manger sentrum for 1. gongshøyring, i medhald av plan- og bygningslova §27-1.

Planen er lagt ut til offentlig ettersyn på Rådhuset på Manger og på Radøy kommune sine nettsider <http://www.radoy.kommune.no>. Eventuelle merknader vert å senda skriftleg til Radøy kommune, Krossvegen 8, 5936 Manger, eller til postmottak@radoy.kommune.no. Nærare informasjon kan ein få ved å ringa 56 34 90 00. Fristen er sett til 31. desember 2007.



Mangeritten i Manger senter

## Prestmarka barnehage 30 år

Prestmarka barnehage avd. Nordastova feira no i november 30-årsdag. Me markerte det med å invitere medlemmer frå Manger Kvinne- og Familielag på kaffi og bollekos ein ettermiddag.



Gjestane hadde det triveleg med kaffi og bollar.

Det er dette laget som i si tid bygde og dreiv barnehagen, og ennå eig dei den eldste delen av barnehagen. Før me åt var det sang av borna, og litt tale/prolog og blomsteroverrekkinger var det òg. Ei koseleg ettermiddagstund!



Borna song for gjestane sine.

## Kommunerosa



### til Meinert Helland

Meinert har gjennom eit langt yrkesliv gjort ein framifrå jobb i ulike stillingar i Radøy kommune og sidan august 1997 som kyrkjevevjerje. I tillegg har han alltid vore svært villig til stor frivillig innsats til beste for folk i alle aldrar i bygdene våre. Han har alltid "brydd seg om" og vist stor omsorg for "store og små". Me ynskjer ei fredeleg julehelg og lukke til i pensjonisttilværet.

Helsing  
Radøy Nytt-redaksjonen

## Ulrik Haugland vart fylkesvinnar

“Unicef Norge arrangerer kvar haust ein teiknekonkurranse for 5. årstrinn. Vinnarteikninga vert nytta som Unicef Norge sitt offisielle julekort det året.

5. årstrinn ved Hordabø skule har i haust delteke i denne teiknekonkurransen, der ein i år skulle fokusera på barn sine rettar og barnekonvensjonen, i samband med TV-aksjonen tidlegare i haust.

Det var ei stor glede for skulen då ein medarbeidar frå Unicef ringde og sa at Ulrik Haugland frå Hordabø skule var kåra til fylkesvinnar frå Hordaland.



Ulrik Haugland

Ulrik kalla teikninga si; “Alle barn har rett til vener, fritid og leik”.

Som fylkesvinnar får Ulrik eit diplom og ei t-skjorte frå Unicef, og han var ein av 19 fylkesvinnarar som konkurrerte om å verta vinnar av konkurransen på landsbasis.



Tegnet av Ulrik Kierulf Haugland fra Hordaland

Faksimile frå Unicef si heimeside.

I tillegg vert teikninga hans nytta, saman med dei 18 andre, i ein collage som skal henga på Barne- og likestillingsminister Manuela Ramin-Osmundsen sitt kontor det komande året.

Vinnaren vart presentert på Barnekonvensjonen sin 18-årsdag tyrsdag 20. november, og det var Truls Hagen frå Møre og Romsdal.”

## Fysisk fostring på Manger skule

Her på Manger skule har dei yngste elevane hatt fleire veker med naturtrim. Tur utover i Skageneset kvar måndag over fleire veker. Dette er eit ledd i den fysiske fostringa og fellesskapet.

Siste veka i august var det stor aktivitet på Bogatunet. To klassar frå skulen vår var på Bogatunet ei heil veke. Der skulle dei levandgjera livet på ein gard på 1800-talet. Eldsjeler frå Radøy sogelag var med og viste elevane gamle mattradisjonar. Einar Bauge viste korleis ein kan spleisa tau og ein del elevar var i full gong med hesjing. Gamle handarbeidstradisjonar stod også på programmet.



Elevar og lærarar klare for tur i Skageneset.



Karina Tveiten viste elevane handarbeidstradisjonar under opphaldet på Bogatunet.

## Nye tilsette i kommunen



**Mette Ervik** er tilsett i stilling som sjukepleiar ved Velferdssenteret. Mette er frå Manger og er fødd i 83. Ho har utdanning som sjukepleiar ved Betanien Diakonale høgskule i Bergen frå 2006. I studietida har Mette arbeid i helger og ferier ved Velferdssenteret og er no fast tilsett i Radøy kommune.

**Silje Pettersen Bremerthun** tok til i stilling som psykolog ved Barne og familietenesta 1/12 2007. Silje er 28 år gamal og fullførte embetsstudiet i psykologi ved Universitetet i Bergen i 2005. Silje har hatt stilling som psykolog i Barne og ungdomspsykiatritenesta (BUP) i Helse Førde i Sogndal før ho kom til Radøy kommune. Silje er busett i Knarvik.



**Bente Gundersen Ynesdal** er fødd og oppvaksen på Manger. Bente tok utdanning som sjukepleiar ved Høgskulen i Telemark / Skien i tidsrommet 98 – 2001. Bente har arbeidd ved medisinsk avdeling ved Sentralsykehuset i Telemark Skien, i eldreomsorga i St. Hansåsen sykehjem i Porsgrunn. Vidare har ho hatt arbeid ved DPS Manger før ho no har fast stilling som sjukepleiar ved Heimetenesta i Radøy kommune.

**Cathrin Arvidsdotter Pedersen Færøykavlen** er 30 år og har vakse opp på Radøy. Cathrin har teke hjelpepleiarutdanning. Cathrin har arbeidd ved Velferdssenteret og i BF tenesta og hatt arbeid i Austrheim kommune. Cathrin tok til i Nattpatruljen som hjelpepleiar frå 1/12 2007.



**Hildegunn Kolås Sivertsen** er 24 år og er utdanna hjelpepleiar. Hildegunn har arbeidd ved Velferdssenteret og ved Heimetenesta i lengre tid. Hildegunn er no fast tilsett i stilling i Nattpatruljen (heimetenesta).

**Anne Elisabeth Waage** er tilsett i stilling som biblioteksjef Radøy bibliotek. Ho tok til i stillinga i august 2007. Anne er fødd i 1952 og har teke utdanning som kvalifiserer til stillinga gjennom Høgskulen i Bergen og høgskulen i Agder.

Før dette har Anne teke utdanning ved Universitetet i Bergen mellom anna pedagogisk seminar, nordisk mellomfag, samfunnsfag og historie. Anne har arbeidd som bibliotekar i forskjellige vikariat ved Meland og Høgskulen i Bergen avd. Landås. Før dette har Anne arbeidd fleire år som lærar i skular som Åstveit i Bergen, Eksingedalen i Vaksdal og Mo i Modalen.





# Radøy har fått nye heimesider

## Kommunikasjon med publikum

Sjølvsbetening har vore eit viktig stikkord i arbeidet med nettsidene. Ei moderne nettside har funksjonar som gjer det lett for publikum å koma i kontakt med kommunen, og til å medverka digitalt. Med mellom anna skjema for tinging av legetimar og reseptar, enkle skjema for tilbakemelding, og med høve til å senda SMS til kommunen, er me eit stykke på veg. Om ikkje lenge vil det verta mogleg å søkja mellom anna ledige stillingar, og om sfo- og barnehageplass via nettsida.

## Kulturkalenderen

Radøy kommune profilerer seg som kulturkommune, og dette forpliktar. Me var difor ikkje i tvil om at det skulle vera ein eigen kulturkalender på heimesidene. I kulturkalenderen kan alle registrera inn arrangement som foregår i og kring kommunen. Dette kan publikum gjera sjølve, men informasjonen vert ikkje tilgjengeleg på nettsida før den er kontrollert. Rettleiing om korleis ein går fram, er tilgjengeleg på nettsida.

Det er også mogleg å abonnera på kulturkalenderen. Ved å gå inn på abonnera på nyhende på framsida og registrera seg der, kan ein velja å motta e-post når det kjem inn nye arrangement i kulturkalenderen.

## Statistikk

Sidan nettsidene vart lanserte 1. november, har det vore 4824 besøk (per 4. desember). Av desse er 2213 unike besøk (IP-nummer). 40,36% har berre besøkt sidene éin gong, 36,67% har besøkt sidene mellom 2 og 8 gonger, medan 21,4% har besøkt sidene ni gongar eller meir. Mest besøkt er sider under skule og utdanning med heile 19,4% av alle sidevisningar. Deretter følgjer kontaktinformasjon (10,8%), helse og omsorg (7,8 %) plan, bustad og eigedom (5,2), barnehage (3,94) og kulturkalenderen (3,08). I snitt er kvart besøk på nettstaden i underkant av åtte minutt, og i snitt vert det henta fram 10,05 sider ved kvart besøk.

Me har hatt treff frå 24 land. 97 % av besøka på sidene er frå Noreg. Dei neste på lista er Sverige, Dei sameinte arabiske emirata, Tyskland og Danmark. I Noreg er naturleg nok dei fleste besøka frå Nordhordland og Bergen, men me har besøk i frå Mandal i sør til Tromsø i nord.

## Vurdering av offentlege nettstader

Radøy kommune har som mål å ha ei av dei aller beste kommunale nettsidene i landet. Med dei nye sidene tok me eit stort steg framover og fekk fire av seks stjerner i år på norge.no si vurdering av offentlege nettstader. Dette gav oss ein delt tredje plass blant kommunane i Hordaland, noko me er godt nøgde med etter berre få dagar på nett. Til samanlikning fekk me i fjor to stjerner, og delt sisteplass i fylket. Neste år skal sidene verta endå betre. I følgje rådmann Christian Fotland, er målet ikkje mindre enn seks stjerner.

Radøy kommune håpar at også publikum vil setja pris på, og ta i bruk dei nye nettsidene. Me skal gjera vårt for at de skal verta nøgde! Framover vil me få på plass meir informasjon, fleire digitale skjema og vidareutviklia designet på sida. I tillegg ventar me på at leverandøren av sidene, Sem & Stenersen Prokom AS, skal gjera ferdig ein "lag- og organisasjonsmodul". I denne skal lag og organisasjonar kunna registrera seg.

Dersom nokon har innspel til til nettsidene, kan dei sendast på e-post til postmottaket@radoy.kommune.no eller via: <http://www.radoy.kommune.no/tilbakemeldingar>.

## Norges Vel medaljar

Følgjande fekk utdelt Norges Vel sin medalje for lang og tru teneste i juni 2007

Oddvar Egil Stang lærar sidan 1976 i Radøy kommune og ved Austebygd skule sidan 1980 og Liv Pletten lærar ved Austebygd skule og Radøy kommune sidan 1972.

Ragnar Kåre Kolstad lærar i Radøy kommune sidan 1974 ved Manger skule med unntak av nokre år ved Kolstad skule. Øyvind Aksnes tok til som lærar i 1975 og vore ved Manger skule sidan 1982.

Medaljen vert søkt om for arbeidstakarar som har samanhengande teneste i meir enn 30 år.



*Liv Pletten, ordførar Olav Steinar Namtvedt og Oddvar Stang.*



*Øyvind Aksnes, ordførar Olav Steinar Namtvedt og Ragnar Kåre Kolstad.*

## Førjulskveld på Hella Skulestove

Dei tilsette på Hordabøheimen samla pensjonistane av 2007 til ein kveld heilt utan førjuls-stress på Hella skulestove den 5. desember. Vi ynskte å gje dei ein kveld til ro og ettertanke saman med gode kollegaer, musikk og god mat. Rådmann Christian Fotland deltok frå administrasjonen. Vi som har arbeidd i lag med Oddbjørg, Anne Margrete, Reidun, Borghild, Bodil og Mathilde har vore heldige og fått oppleve deira engasjement for bebuarane, kollegaene og Hordabøheimen. Det har vore ei unik oppleving! Dei har lært oss kva som ligg i orda GOD OMSORG. Pensjonistane gav uttrykk for at dei ser tilbake på arbeidslivet med stor takksemnd. Dei har hatt det godt på arbeidsplassen, og har opplevd mykje som har gjeve dei stor glede.



*Frå venstre avd.sjukepleiar Anne B Brattetaule, Bodil Bø, Oddbjørg Valdersnes, Mathilde Nøttveit, Anne Margrethe Andersen og rådmann Christian Fotland.*

## Ungdommens kulturmonstring 2008

Radøy kommune byr inn alle mellom 10 og 20 år til å delta i Ungdommens kulturmonstring 2008. Alle kan delta, åleine eller i gruppe.

Mønstringa er open for aktivitetar som td. musikk (ikkje korps/kor, men solistar), teater/revy, dans, biletkunst, kunsthandverk, opplesing, film, video og foto. Det er inga påmeldingsavgift. Ungdommens kulturmonstring er ikkje ein konkurranse der det skal kårast "den beste", men ei monstring som skal visa mangfaldet i aktivitetar, alder, interesse osv. Eit utval frå den lokale monstringa får tilbod om å vera med på fylkesmonstringa i Grieghallen i Bergen i mars/april 2008. Vidare vil nokon få tilbod om å vera med på landsmonstringa i Trondheim i juni 2008. Dei som vert teken ut til å delta på landsmonstringa, må vera fylt 13 år.

Radøy kommune vil i år, saman med kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden og Meland, halda monstring søndag 27. januar 2008 i Austrheim Samfunnshus. Dei som ikkje har tilgang til internett kan ta kontakt med kulturkonsulent Rune Rydland på telefon 915 49 660 for påmelding. **Påmeldingsfrist: 20. januar 2008 !**

Meir informasjon: Radøy kulturkontor, Krossvegen 8, 5936 MANGER  
Tlf. arb 56 34 90 31 / mob 915 49 660 / priv 56350902  
E-post: [rune.rydland@radoy.kommune.no](mailto:rune.rydland@radoy.kommune.no)  
Telefaks: 56349001.

## Radøy musikk- og kulturskule

Radøy musikk- og kulturskule har ledige plassar i MUSIKKBARNEHAGE. Det er eit tilbod for born fødd i 2002 og 2003.

Stad: Sæbø skule  
Tid: Onsdagar kl. 15.45 – 16.30  
Lærarar: Mette H. Hjelmeland og Ann Christin Hoen  
Underv. periode: Jan. – Juni 2008  
Pris: kr. 1000,- .

Påmelding snarast på mail til: [ann.c.hoen@radoy.kommune.no](mailto:ann.c.hoen@radoy.kommune.no)

Du kan óg skrive ut søknadsskjema på våre nettsider, fyller ut og sende inn.

## Radøy legesenter

Radøy kommune sine legetenester vert levert av 4 fastlegar og 1 turnuslege som er knytta til Radøy legesenter.

Opningtidene ved Radøy legesenter er kvardagar 0800 - 1500.

Opningstider på telefon er 0800 - 1130 og 1230 - 1500.

Ring kl 0800 dersom du må til lege same dag, og etter kl 0900 for vanleg legetime/laboratorietime. Ring etter kl 1000 for tinging av resept eller andre spørsmål til lege/sjuepleiar/helsesekretær. Du må tinge time dersom du skal på laboratoriet. Det er også mogleg å tinge legetime og resept via [www.minhelse.no](http://www.minhelse.no).

Det vert heile tida gjort ei vurdering av kven som må komma til lege straks, og kva problem som kan venta nokre dagar eller til legen har ledig ein ordinær legetime.

På kveld og helg er legane i Radøy med i vaktordninga ved Nordhordland legevakt.

Telefonnummer dit er 56 35 10 03

## Lærlingar i Radøy kommune

Radøy kommune er den kommunen i Nordhordland som tek inn flest lærlingar både i høve folketal og totalt sett. Vi har som målsetjing å ha 11 lærlingar i virke til ei kvar tid. Hausten 2008 tok følgjande til som lærling i Radøy kommune: Stefany Lunde Taule, Ina Jeanette Vågenes Sævdal, Helen Louise Hammer, alle



Frå v. rådmann Christian Fotland, lærlingane Helen Louise Hammer, Stefany Lunde Taule og Ina Jeanette Vågenes Sævdal, og personalrådgjevar Kjetil Morken.

i barne- og ungdomsarbeidarfaget. I tillegg har Radøy kommune 4 lærlingar som tok til i august 2006 i barne og ungdomsarbeiderfaget saman med ein i kokkefaget og ein i omsorgsarbeidarfaget.

### TAF Helsefag elever.

Anne Tolleshaug Reigstad og Benedicte Vågenes Sævdal har teke til som våre to første TAF Helsefagelevar. Dette nye undervisningstilbodet tek utgangspunkt i TAF-modellen. På same måte som innanfor mange tekniske fagområde har vi sett at det er eit behov for ungdom som har bakgrunn frå arbeid på

grunnplanet i helseinstitusjonar. Tilbodet gjev studiekompetanse og fagbrev i helsearbeidarfaget. Inkludert i studiekompetansen ligg også dei faga som er naudsynte for at ein skal kunna koma inn på medisinstudiet (d.v.s. Matematikk MR1, Fysikk 1, Kjemi 1 og Kjemi 2). Med studiekompetanse oppnådd gjennom TAF Helse vil du også kunna søka på sjukepleiar-, bioingeniør-, farmasi- og fysioterapiutdanninga.



Anne Tolleshaug  
Reigstad



Benedicte Vågenes  
Sævdal

### Om organiseringa av undervisninga

1. og 2. året er elevane ute i praksis 2 dagar og 3 dagar på skulen (lærlingløn i 2 dagar; for tida i bedrift) 3. året er dei lærlingar og er ute i praksis 2 dagar og 3 dagar på skulen (lærlingelønn for heile veka) 4. året er dei lærlingar og er ute i praksis 3 dagar og 2 dagar på skulen (lærlingelønn for heile veka) Praksisplassane i kommunen er sjukeheim, heimesjukepleie, og bustader for utviklingshemma og verna bedrifter. I Radøy kommune har elevane starta i Bufelleskapa. Eleven følgjer programområda for VG1-helse og sosialfag og VG2-helsearbeiderfag. Etter at eleven har fått godkjend skule og læretid har han fagbrev som HELSEFAGARBEIDER.

## Vardebrenning mot kraftleidning over Radøy

Det vart arrangert ei vellykka vardebrenning med fakkeltog 10. desember mot den planlagte nye kraftleidnings-traseen frå Mongstad til Kollsnes. Både på toppane Nøttveitveten og Grønnfjellet/Vettåsfjellet i Radøy, Håøytoppen i Meland og ved idrettshallen på Årås vart vardebåla tent kl.19 denne kvelden. Omlag 200 personar var med og markerte sin motstand mot høgspennlinjene. Alle i Radøy ynskjer å få denne linja ned som ein kombinert sjø- eller jordkabel.

Kraftleidningane som er planlagt bygd mellom Mongstad-Kollsnes over det vakre kystlandskapet i Nordhordland og Radøy, truar vår natur og fauna, og folk sin trivsel og glede over å bu og leve her vert redusert. Arrangementet og markeringa var i regi av Naturvernforbundet i Nordhordland, bondelag, turlag og andre gode frivilljuge krefter. Radøy kommune er godt fornøgd med det folkelege arrangementa og støtten frå gode krefter i Nordhordland i vår felles kamp for kabling av heile traseen. Alle kommunane i Nordhordland står saman og har ei felles sak og strategi framover for at dette tiltaket ikkje vert gjennomført med naturen og innbyggjarane som salderingspost.



Mange bål var tent i Nordhordland denne kvelden.

## Farga vatn

I samband med at nytt vassbehandlingsanlegg på Kolåseidet no er sett i drift, gjer me abonnentane merksame på at dette i periodar kan gje farga vatn. Misfarginga kjem seg av at vassverket har gått over til eit nytt kjemikalie for å få rett PH på vatnet. Kjemikaliet har i tillegg til å vera regulerende på PH den eigenskapen at det verkar reingjerande på vassleidningane. Ved at denne prosessen vil gå føre seg ei tid ber me om at abonnentane let vatnet renna når situasjonen med farga vatn oppstår.

Det farga vatnet er ikkje farleg å drikke, men kan verke lite tiltalende. Eit tips kan difor vera å ha eit "lite reservelager" med vatn ståande i kjøleskapet til ei kvar tid.

Kor lenge den beskrevne situasjonen vil vare, er det umogleg å seia noko om. Me ber om forståing for situasjonen. Ved spørsmål ta kontakt på vakttelefon mob. 48287183

## Kulturdagar i 2008

I tidsrommet fredag 18. april til og med onsdag 30. april 2008 vert det skipa til kulturdagar i Lindås, Meland og Radøy. Radøy kommune vil be inn einskildpersonar og lag/organisasjonar til eit felles møte i januar 2008 for å drøfta opplegget for kulturdagane.

### Innkalling til møte

**Du/laget ditt vert med dette kalla inn til møte om kulturdagane i Radøy, onsdag 16. januar 2008.**

**Møte vert halde på Rådhuset kl 1900.**

**Sak: Kva vil vi at kulturdagane 2008 skal innehalda?**

**Møt fram og ver med på forma kulturdagane.**

**Helsing ordførar Jon Askeland**



Frå opninga av Bård Kolflåth si utstilling under kulturdagane i 2006.

## Formannskapet 2007 - 2011



Jon Askeland (Sp)  
Ordførar



Ragnar Floen (Ap)  
Varaordførar



Bjørg Murberg (V)



Lena Bø Nilsen (Frp)



John Bauge (H)



Grethe Lunde (Krf)



Monika Soltveit Gabrielli (Sp)

## Hovudutval for plan, landbruk og teknisk 2007 - 2011



Christel Villanger Håland (H)  
Leiar



Vigdis Villanger (Sp)  
Nestleiar



Audun Sylta (H)



Oddmund Skjelvik (Sp)



Geir Taule (Frp)



Jostein Borlaug (Ap)



Sølvi Merethe Mangerøy (V)

## Radøy kommunestyre 2007 - 2011



Sitjande frå v: Lena Bø Nilsen (Frp), Grethe Lunde (Krf), Ragnar Floen, varaordførar (Ap), Jon Askeland, ordførar (Sp), Bjørg Murberg (V), Sølvi Merethe Mangerøy (V). Ståande frå v: Oddmund Skjelvik (Sp), Henning Haugland (H), Jarle Helland (Sp), Astrid Nordanger (Ap), Audun Sylta (H), Marit Haugland (Sp), Ingvill Taule (Sp), Monika Soltveit Gabrielli (Sp), Anna Myking Gjerde (Sp), Jostein Borlaug (Ap), Vigdis Villanger (Sp), Bjarte Sæbø (RV/SV), Christel Villanger Håland (H), Geir Taule (Frp), Bodil Sjursen (Frp), Ole Kristoffer Tveiten (Frp), John Bauge (H), Finn Frantzen (Krf), Ann Christin Hoen (Ap).